



E 134 med arm må ha framdrift! Tomme løfter og sympati, eller reell støtte som vi kan ha tillit til?

Samferdsle

Trygge og effektive vegar er viktig.

Leiaren «Enorm motstand» i HF 13.02, peikar på den heilt klare treneringa frå Solberg regjeringa av vidare utgreiing av arm frå E134 mot Bergen .

I samband med handsaming av Nasjonal Transportplan 2014-2023 ba Stortingsfleirtalet om « En vurdering av om E 134 som har sitt vestlege endepunkt Haugesund, også får ein arm frå Jøsendal i Odda kommune og til Bergen. Fylkesvegsamband inngår også i vurderinga.» Statens vegvesen følgde opp i aust-vest utgreiinga. E 134 med arm til Bergen var det klart mest samfunnsnyttig av dei aktuelle traseane. Kva gjer så Regjeringa for å følgja opp «bestillinga» frå Stortingsfleirtalet ? Oppsiktsvekkjande nok; ingenting! Det naturlege og handlekraftige ville vore å utarbeidd ein KVU (Konseptvalutgreiing) for strekninga. Det ser ikkje ut til at det gjer nemneverdig inntrykk at næringslivet i Sunnhordland, Hardanger og Midthordland krev at Samferdselsministeren og Regjeringa set i gong dette arbeidet raskt. Dei representerer ei samla omsetnad på 30 mrd. og 15 000 tilsette. Ei heller at næringslivet langs E134 som representerer 5000 bedrifter, 300 mrd. i omsetnad og over 100 000 tilsette krev det same. Over halve Norges fastlandsomsetnad høyrer til denne vegen. At Terje Søviknes, Frp peikar på KVU seinast i 2021, og Tom Christer Nilsen, H viser til at E 39, E 16 og ny Bybane i Bergen må fullfinansierast før ei slik utgreiing vert gjennomført, er problematisk av fleire årsaker.

For det første fortener det konkurranseutsette og verdiskapande næringslivet langs E 134 ei langt meir offensiv haldning enn regjeringa sitt langsiktige mål om at denne transportåra skal vera rusta opp i 2050!

For det andre må Stortinget sin vilje respekterast. Solbergregjeringa må snarast setja i gong arbeidet med KVU på armen til Bergen, slik at denne kan leggjast til grunn ved neste rullering av Nasjonal Transportplan.

For det tredje må Hordaland og Vestlandet heile tida ha nye prosjekt som er i posisjon til å komma inn og få løyving gjennom Nasjonal Transportplan. Her er KVU med tilhøyrande kvalitetssikring (KS1 og KS 2) inngangsbilletten. Dersom ein skal leggja til grunn den defensive haldninga til herrane Søviknes og Nilsen fryktar eg Austlandet stikk av med endå meir av samferdselsmidlane. Det fortener ikkje folk og næringsliv her i vest !

Sigrid Brattabø Handegard ,Sp